



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 3

MARS 1981

31. årgang

## Påske

*Han er oppstanden –  
store bud*

*min Gud er en forsonet  
Gud*

*min himmel er nå open.  
Min Jesu seierrike død  
fordømmelsenes piler brøt  
og knuste mørkets våpen.*

*O røst – min trøst  
ved hans seier  
som jeg eier.*

*Helvet bever.*

*Han var død,  
men se han lever.*

Birgitte Cathrine Boye



Det sat ein flokk forskremte lærersveinar attom stengde dører påskedagskvelden. Dei var redde for framtida, skamfulle over den rolle dei hadde spela i langfredagsdramaet, sorgtunge over at Jesus ikkje var meir. Då sto han midt imellom dei og sa: «FRED VERA MED DYKK». Med desse fire orda vart situasjonen ein heilt ny. Dei visste alle i same augneblinken at det som var attafor var burt og gløymt. Jesus hadde tilgjeve og stroke ut. Hans fredsynskje var virkekraftige ord. Freden var sinnets ro og sjelens harmoni hjå det menneske som visste med seg sjølv at dei hadde sett si sak i Herrens hand. Og brått var lærersveinane motige mennesker som kunne stå på tempellassen og vitna om den krossfeste og oppstandne Jesus Kristus.

No nærmer Påskemorgonen seg på ny dei millionar menneske som har tatt kristen-namn på vår jord. Mange av dei er vel redde og fulle av angst avdi tilhøva dei lev under er så usikre og vonde. Mange har hatt sorg og store vonbrott, og så skal vi alle få høyra Påskebodskapen på ny, same kva for bakgrunn vi står i.

Kva er det so Påskebodskapen har å fortelja oss? Påskebodskapen er forkynnelse av ei oppdaging — nemleg at Jesus lev. Den som trur, skal enno få vita at han er her og er Herren, at han vil vera med oss alle dagar inn til verdens ende. Og dette er soloppgangen for den kristne. Frå

den augneblink songen steig opp frå Jesu grav: «Han er oppstanden!» så kunne kvar kristen på jord, til alle slekter og alle tider få vita at dei var ikkje einsame lenger. Jesus hadde igjen tatt sin plass i menneska sitt liv. Han eigde den same kjærleik som før og hadde den same makt som før. Han kjende sine lærersveinar like godt som før, og ute av kjenskapen kom ein parallell omsorg. Han visste om Peters fornekting, om den tvil Tomas strevde med. Han veit alt om deg og meg, og også om kva vi nett treng. Dette er kjernen i påskebodskapen at vi skal få ha Jesus med oss alle dagar, så lenge vi sjølv ynskjer det slik. Når vonbrott møter oss, sorgen overvelder oss, medgongen freistar oss og framtida vert uviss, da skal vi høyra røysta hans som skal segja: «Ottast ikkje, for sjå eg lev.» Og fordi han lev, skal vi også leva. «Liksom alle dør i Adam, så skal og alle verta levandegjort i Kristus.» Jesus Kristus hadde vunne over døden.

Vi ville vel aldri ha fått høyra eit ord om Golgata og krossen, om krossen hadde vore det siste i Jesu Kristi liv. Men Påskemorgon utbasunerer for heile verda at vondskapen nok har makt til ei viss grense, men så ikkje lenger. Det vonde (Den Vonde) kan aldri vinna over kjærleiken hjå Jesus Kristus. All verda sin vondskap hengte han på krossen. Det var vel den vondes hensikt å få Jesus vond, få han til å tenkja ein vond hemn-

**SLEKTERS GANG****Døpte**

**ORKANGER:**  
15.02. Stein Arve Sigbjørnsen  
Hans Petter Hammer  
21.02. Ingeborg Ødegård

**ORKDAL:**  
15.02. Jan Harry Lund  
Inger Lise Forve  
Heidi Kvåland

**ORKLAND:**  
15.02. Kristan Storli

**Vigde**

**ORKANGER:**  
19.02. Edvard Viken og Randi Stolsmo

**ORKDAL:**  
21.02. Tor Edvard Almlid og  
Tone Anita Dalen

**Orkdal menighet****Gjelme**

I tida 3 - 5 mars har misjonssambandet møteserie v. Kristian Asegg.

**Fannrem**

8.3. har kyrkjelyden sin årsfest i *Misionshuset*. Klokkeslettet vil bli kunn gjort ved annonse. Alle velkommen.  
25.3. Eit barnelag møter i *Megarden* annakvar onsdag. Der er det plass for fleire barn. Den 25.3. inviterer barnelaget foreldre og barn til vårsamlingsfest kl. 18.  
1.4. Bibeltime i *Megarden* v. spr. Olsen kl. 20. Han taler om apostelen Peter.

**Døde****Døde:**

**ORKDAL:**  
31.01. Karen Solem f. 1888  
15.02. Karen Skorild f. 1898

**ORKLAND:**  
16.02. Ingebrig Berbu f. 1899

full tanke. Om det så hadde gått, så ville vi ingen Frelsar ha eigt. Men Jesus bevara kjærleiken heilt til slutt. Kjærleiken vann då han bad: «Far forlat dei, for dei veit ikkje kva dei gjer.»

Bodskapen Påskedags morgen var Guds kroning av Jesus Kristus til konge over alle verdens folk. Eller annleis sagt, Gud fekk synt menneskja at avund, hat og vold ikkje er den sterkeste kraften i livssammanhangen, men kjærleiken. Difor er også Påskens bodskap ein summering av alt som gjer livet hugnadsfullt. Påsken fortel at sanninga skal vera sterkare enn løgna, at lyset

skal vinna over mørket, at det er sælare å gjeva enn å taka. Det er vel ingen ting det moderne menneske meir treng å få høyra.

Langfredagen sette både overskrifta, — «Det er fullbragt» og gav innhaldet, — forlating, forsoning og frelse.

Påskemorgon kom med proklamasjonen: Kristus er Konge og Frelsar.

Påskedagskvelden kom med konklusjonen — summen: Fred i hjarte og sinn — fred med Gud.

K. R.

**Prestegjeldet vårt****Matklokke — kyrkjeklokke?**

No er Søvasskjølen fjellkyrkje såvidt ferdigbygd at vi har tatt kapellet i bruk så smått. Vi voner å kunne få det vigsla nest siste søndag i august. No treng vi ei kyrkjeklokke som vi ikkje har økonomi til å kjøpe. Kan nokon ha ei «pensjonert» matklokke hengande eller liggande. Da er vi takksame for å få ho i foræring til kyrkjeklokke på Søvasskjølen. Det måtte vera ei fin forfremming av ei gammal bursklokke. Om nokon han ei slik — kan ein venda seg til prosten.

**Fasteaksjonen 1981**

Også i år vil det i alle kyrkjene våre bli lagt ut fastebøsser i våpenhusa. Det er å vone at rett så mange ser sitt ansvar også ved å ta med ei slik heim og der nytt den til å hjelpe mennesker i nød. Bøssene kan leverast inn ved ei av gudstenestene i påsken. Om det er ofring til noko anna — den dagen du er i kyrkja — så kan du likevel legga bøssa på altaret. Bøssene vil sjølvsgått bli opprettet for seg sjølv og pengane koma dit dei skal.

**Årsfest i Orkdal misjonsforening (fellesforeninga)**

Årsfesten blir i år den 15. mars kl. 15 i Orkanger bedehus. Talarar blir misjonær Eli Arsheim og Kaare Rogstad. Damegruppa Domino syng. Alt dette gler vi oss til.

Orkdal misjonsforening for N.M.S. er ei hovedforening for alle misjonsgrupper og lag (kvinneforeningar) i bygda, og alle medlemmer av slike bør møte på festen. Elles er naturligvis alle velkomne som er interesserte i misjonsarbeidet.

Har du ikkje oppdagat denne store oppgave så bør du koma å bli meir orientert. Å gå ut til alle folkeslag med det glade bdskap, er Jesu siste ordre til oss. Ingen er soleis friteken for dette. Somme har eg hørt er redd for å senda pengar ut av landet. Men Jesus sa det slik: «Gi så skal du få». Ingen har enda vorte fattig av å gi. Ikkje landet vårt heller. I ein song står det:

GI TIL DU BLIR TOM OG ARM  
INTET SKAL DU MISTE.  
GI TIL DU BLIR RIK OG VARM  
RIKEST PÅ DET SISTE.

Så møtes vi den 15. mars kl. 15.  
Målfrid Kvikne

**MENIGHETSBLAD**

for Orkdal prestegjeld  
7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:  
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkje Agnes Singstad**

Redaktør:  
Kaare Rogstad

Kasserar:  
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**  
Postgiromummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:  
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**  
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo  
7330 Svorkmo.

rettferdig. Denne erkjennelsen må bli en del av vår hverdag. Vi må rett og slett begynne å snakke om det i familien, blant venner, i boretslaget, i kommunestyret, i menigheten vår. Sammen må vi lete oss fram til handlinger som realiserer en solidaritet med medmennesker i den 3. verden.

Under dette perspektivet inviterer vi også i år mennesker i Norge til å delta i fasteaksjonen «BRØD FOR VERDEN». Gjennom fasteaksjonen ønsker vi to ting. Vi ønsker å samle inn midler til Kirkens Nødhjelps hjelpearbeid. Derfor finns nå fastebøssen «Brød for verden» i alle kirker og i mange hjem. Skaff deg en fastebøsse og bruk den hver dag gjennom fastetiden. Dessuten ønsker vi at fasteaksjonen kan være en impuls for mennesker til å engasjere seg i vår tids kanskje største problem som er at mens de rike land stadig blir rikere, blir de fattige land stadig fattigere. Kirkens Nødhjelp er en humanitær hjelpeorganisasjon som gjennom katastrofeinnsats, flyktningearbeid og langsiktige utviklingsprogrammer formidler hjelp til enkeltmennesker i den 3. verden. Takket være bidrag fra enkeltmennesker i Norge, kunne vi i løpet av 1980 formidle hjelp til over 300.000 afghanske flyktninger i Pakistan. Denne hjelpen vil også fortsette i 1981. Siden 1975 har vi gjennom forskjellige vannboringsprosjekter skaffet rent vann til over 3,5 mill. mennesker i India, Sudan og Etiopia. Fordi ca. 70% av befolkningen i U-landene mangler tilstrekkelig tilgang på rent vann, ønsker Kirkens Nødhjelp i 1981 å utvide denne virksomheten.

Vi lever i en delt verden der noen av oss er rike, mens de fleste er fattige på så grunnleggende ting som rent vann og næringsrik kost. Men verden er ikke mer delt enn at det er en klode der vi alle er avhengige av hverandre, for den kaffe som vi hver dag drikker og er avhengig av, produseres av fattige bønder for en lønn vi selv ikke ville ha arbeidet for! Når så tørke, jordskjelv, flom, krig osv. rammer allerede fattige samfunn i den 3. verden, blir da følgende lett katastrofale som i Bangladesh, India og Afghanistan.

Som mennesker har vi et ansvar for å hjelpe medmennesker som lider nød. Vi skal også arbeide for en mer rettferdig fordeling av jordens ressurser. Utfordringen til oss er å åpne for den virkelighet som vår neste i den 3. verden lever i, og erkjenne at mange av de goder vi selv har og tar selvfolgelig, ikke lenger er selvfolgelig i en verden som deler

**Brev til deg i kors og trengsel**

Er du mellom dei mange som kjenner trykket av kors og trengsel. Da er dette brev til deg. I Songboka vår er det 16 songar i ein bok som har Kors og Trengsel i samlende overskrift. Høver dette som overskrift på livet som du opplever det nå. Da skal du finne fram til denne nemde songbok i Sangboken. Gjev deg god tid når du les desse nemde salmer, og du vil finne mykje av stor verdi for deg. Gjer du nå dette, så har brevet nått si målsetting. Nå må høve nyttast til å bere fram eit vitnemål.

Nemde songar har eg lese. I det siste er det songen nr. 326 eg serleg har stogga ved. Her taler songaren om korsets tid. Det er ei tid som alle som trur på Jesus må rekne med å få oppleve korsets tid. Kor det kjennest og kva oppleveling av ei slik tid fører til, det får vi opplysning om ved å lese, synge, dei ovannemde songar. Og vi kan ta med orda i Kyrkjebøna. Du oppsadar oss med kors og trengsel. Vi kan rekne med at korsets tid blir så lang som Gud ser det turvande. Som ein avslutning på dette vesle brev tek vi med heile 5 vers i song nr. 326.

Under nådens ljós og stråle,  
leid du meg på veg til måle,  
med eg ferdast her på jord.  
Krossens stutte tid skal kverva.  
Snart eg skal din Himmel erva,  
lova deg i englekor.

**Ludvik B. Aasen**

**Søvasskjølen fjellkyrkje i påsken:**

- 12.4. Palmesøndag kl. 11.30 sportsandakt v. Audun Slettahjell
- 16.4. Skjærtorsdag kl. 11.30 sportsandakt v. Bertel Aasen
- 17.4. Langfredag kl. 11.30 sportsandakt v. Audun Slettahjell
- 18.4. Påskeaften kl. 11.30 Familiesamling v. Arne og Mette Dalen
- 19.4. Påskedag kl. 11.30 Familiesamling v. Bertel Aasen
- 20.4. 2. Påskedag kl. 11.30 Familiesamling v. Fridtjof Fredriksen



**Orkanger menighet****Ungdomsarbeidet**

19.3. kl. 19.00: Tenkveld i Orkanger bedehus. Johan Sandvik — tidligere narkoman og forbryter forteller om hvordan Gud grep inn i hans liv.

1.4. kl. 19.30: Gudstjeneste i Orkanger kirke. Besøk av Helge Gudmundsen. Kirkebrus.

**Orkanger Indremisjon**

12.3. kl. 20.00: Bibeltime hos Liv og Borghild Opøyen, Bårdshaug. Audun Slettahjell gir en innføring i personligheten Peter. Samtale.

**Menighetens årsfest**

blir i år den 22.3. kl. 18.00 i Orkanger bedehus. Res.kap. Knut Einar Rugsland taler og forteller fra sin tid som feltprest for FN-styrkene i Libanon.

**Hele menigheten synger**

29.3. kl. 18.00 i Orkanger kirke. Tema: «Salmer og sanger i fastetiden».

**Fastegudstjenester**

Vi minner om de to fastegudstjenestene 18.3. og 1.4. i Orkanger kirke kl. 19.30.

**Orkland menighet****Bibeltime**

4.3. v. Rogstad. Han taler om apostelen Johannes. Vanlig tid kl. 20.

**Tenkveldar**

13.3. Program ved konfirmantar og andre.

27.3. Langfilmen «Prisen». Vanleg tid og stad.

**Menighetens årsfest**

Søndag 12. april, palmesøndag, blir det menighetens årsfest på Svorkmo Misionshus. Her vil det bli forskjellige programinnslag. Truleg vert det med eit kor. Og det kjem 5 tildegar strafffangar som har lang fengselstid bak seg. Dei vil fortelle frå livet dei har levd. Og dei vil vitne om korleis dei vart bera ut av forbrytarbanen. I tillegg til at dei fortel om livet sitt og kva Jesus har fått bety for dei, så vil gruppa også synge fleire songar.

**Møteserie**

14. - 15. april har misjonssambandet møter v. Kristian Asegg.

**Barn og ungdom som ønsker seg på Påskeleir**

SJA HER! leirane som bys i vårt prosti:

Indremisjonen har leir: på Fredly 11. - 14. april for aldersgruppa 9 - 12 år. På Stølen Oppdal 11. - 15. april — Tenleir.

På Stølen 15. - 20. april ungdomsleir — alder over 18 år. Vend deg til kretskontoret tlf.: 075 - 25 209.

Misionssambandet har leir: På Søvasslia 10. - 13. april alder 12 - 15 år.

13. - 16. april, alder 9 - 12 år.

16. - 20. april, alder over 16 år.

Storli, Oppdal 15. - 20. april alder over 17 år.

Vend deg til kretskontoret i Nordmøre Kaptein Bædkers gt. 17, 6500 Kristiansund.

Det Norske misjonsselskap har leir:

På Mjuklia, Berkåk

10. - 14. april, aldersgruppe 13 - 15 år  
18. - 21. april aldersgruppe 10 - 12 år

15. - 18. april familieleir.

På Bakksetra

14. - 18. april aldersgruppe over 17 år.

Vend deg til kretskontoret

tlf. 075 - 23 780.

**HELGAVAKT**

21. - 22.3. Slettahjell

28. - 29.3. Rogstad

04. - 05.4. Slettahjell

11. - 12.4. Rogstad

16. - 17.4. Aasen

18. - 19.4. Slettahjell

26. - 27.4. Rogstad

25. - 26.4. Aasen

**Søvasskjølen Fjellkyrkje**

vart uoffisielt tatt i bruk første gong s. 22.2. ved at kallskap. Slettahjell heldt sportsandakt kl. 14. Enda om vi inga kyrkjeleklokke hadde, var kyrkja fylt til trengsel. Orgel mangla også men stensilerte salmeselar fekk kyrkjesongen til å lyda med lovsong, tilbeding og takk. Guds ord fekk fylle glade fjellvandrars hjarte med glede. Von vart lagt inn i lengtande sinn. Takk til Herren.

**OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER**

Gjør familieveggen komplett.  
Vi hjelper Dem med dette.

**Fotograf Kvarsnes**

Plater og musikk-kassetter  
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Kjolen  
finner De hos

**Dagny Korsli A.s**

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

Trelast og bygnings-  
artikler på lager.  
Gunstige priser

**Orkdal Sag & Høvleri**

Tlf. 82265

**Orkanger Gartneri**

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag  
anledninger. Kistepynt utføres.

**Svorkmo Prenteverk A/S**

Vend Dykk til oss når det  
gjeld trykking av blad, tids-  
skrifter, forretningstrykk  
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

# Sjel eller sol?

25 prosent av befolkningen her i landet drar til fjells i påsken. Hver fjerde nordmann bruker påsken til andre former for reiser, til besøk hos familie osv. Mens resten — som blir halvparten av våre 4 millioner holder seg hjemme.

Disse tallene kaster kanskje et nytt lys over våre påskevaner. Her kommer det jo frem at de aller fleste lever tross alt et noenlunde normalt liv hjemme også i denne høytiden. Vi har hatt en tendens til å tro at «alle» drar til fjells.

Men 25 prosent utgjør også en betydelig mengde mennesker — omkring en million. Hva betyr

så påsken for alle disse? En god, ekstra vårferie? Sikkert. Et løslappent liv på hytte eller høyfjellshotell? For mange — ja. Fin opplevelse av naturen i all sin prøtfulle vinterdrakt på høyfjellet? Ja, så utvilsomt. En etter lengtet sol-«tilbedelse» som setter spor i huden? Naturligvis.

Men det er noe som mangler i denne listen. Noe som tross alt burde stå helt sentralt fordi påsken er noe mer og noe annet enn en vanlig ferie. Påsken er en høytid som et budskap for sjelen. Et budskap om frelse, fred og frihet for alle mennesker som vil lytte og ta imot troens gave. Kroppen får alltid sitt i påsken,

men fører til en sulteforing av sjelen? Underernæringer av det åndelige behov som også moderne, rastløse solslikkende feriegjester har?

En fjellpåske for nordmenn trenger ikke bli et valg mellom sol og sjel. Fjellkirkeklokker ringer mange steder. Andakter holdes på sentrale plasser i hytteområder og på hoteller. Radiosendinger formidler budskapet til mange og Bøkenes bok er tilgjengelig for alle som vil.

La påsken dette året gi noe både til kropp og sjel.

Fra Vårt Land

## 12. P. Asphjell fortel frå krigstida

Da det gjekk mot slutten av mai månaden, tok det til å sviva rykter om at ein del av oss skulle koma på «transport» att. Dette var ikkje nokor gledeleg tidend. Sjøl om me freista ei skrøpeleg tilvære her, så var det trass alt ein fredeleg plass. Her hadde ein no vorte vant med tilhøva. Hadde levd seg inn i eit kameratmiljø som truleg vart skipa ved eit ombyte. På den andre sida var det noko spanande og lokkande ved ei forandring. Kanskje var det von om å koma i meir frie tilhøve, enn dei som rådde i eit fengsel. Men det bar og i seg ein otte for at det kunne gå frå vondt til verre.

På den tida, i Pinsehelga, fekk eg melding om at den nádesknaden kona mi hadde sendt var «abgelehnt» d.v.s. avslagen. Mi tid i Neumünster gjekk no mot slutten. Den siste dagen i mai vart eg med i ein flokk som vart sett på toget og ført sørover. Det var ein fin dag. Sol og varme, retteleg ein sommardag. I god tid om morgonen fekk me ordre om å gjera oss klar til å fara. Klær og andre eigne-lutar vart henta fram frå depotet. Me fekk kvitte oss med den usle fange-drakten, og ta på oss vårt eige utsyrr. Det var rart å sjå att desse kjære

plagga. For ei merkeleg kjensle det gav å stå i sine eigne klær att. Ein vart på ein underleg måte eit anna menneske. Det var som om ein ei tid lang hadde vore utan identitet. Her sto eg etter som den eg var: norsk bonde frå Trøndelag. Eg var på ny i mine gamle, gode bekksaumsko som hadde fulgt meg på så mang ein tur i skog og mark heime i Solsjøbygda. Her sto eg i heimestrikkja, tjukke ullhoser og grøn «nikkers». Og så den kjære mønsterstrikkja ulltrøya, som kona mi hadde bunde i lange vinterkveldar der heime. Det var både minn-samt og tungamt. I den stunda reiv og sleit heimlengten serleghardt i hugen. Eg fekk og att ryggsekken min, ein stor grå Bergan meis. Eg mintes godt den dagen eg kjøpte han på Fagerlibua. Eg sa eg ville ha den største som fans. Det var den våren me gifta oss, og eg sa for spør at eg skulle ha han til å bera skuleborn i, når den tida kom.

I sekken fann eg att lommetestamentet mitt. Likeens salmebok og andaksbok som eg hadde fått på Akershus. Eg hadde og ei skinntrøye, og det var fint å ha sekken til å frakte dei varmaste plagga i. Det var som nemnt ein solskinsdag, heilt som ein julidag

heime i Norge. No fekk eg etter sam-vetsvaskar. Kva skulle eg gjera med det tyske Testamentet og salmeboka eg hadde skaffa meg? Skulle eg ta dei med meg? Me satt på sella og venta med alt ferdig pakka. Eg rekna med at eg, utan vågnad, kunne smetta dei to bøkene ned i sekken og berge dei. Var det gale? Eg hadde røynsle for korleis det kom til å gå med dei, om dei vart att her. Det vart til at eg la dei synleg oppå ryggsekkeklokket. og venta på det skulle koma ein vakt-mann. Han som kom, var den same som eg har nemt før, han med sørge-bandet. Eg peika på bøkene og spurte om eg kunne ta dei med meg. Han såg på dei, tenkte seg om ei stund, så sa han: «Gehört dem Gefängnis». Dermed tok han dei og gjekk. No hadde eg mitt eige Testament, så eg trong dei ikkje. Eg hadde likevel vorte så glad i desse bøkene, serleg Testamentet, som hadde gjeve trøst i mang ei tung stund i fengselstida. Mannen gjorde sjølsagt plikta si. Kanhende hadde det og vorte til skade for meg, om dei hadde funne dette hos meg dit eg kom.

Seint på ettermiddagen den første juni kom me til Bochum. Namnet på denne byen var nokså ukjent for meg. Det var nabobyen til Essen, og like stor. Det hadde sikkert vore ein ruvande flott by, men da me kom der, var det ikkje mykje att av han. Det

låg eit stort fengsel i utkanten, og dit vart me ført. Bygninga var etter måten uskadd. Mest kanskje fordi det låg i utkanten, men truleg og fordi dei som sleppte bombene visste at det og sat uskuldig folk fengsla der. Dette var og eit ruvande byggverk, men det var ikkje så forseg-gjort å sjå til som det i Neumünster. Innvendig var det heller ikkje så velstelt, og det var ikkje så bra husorden. Det kom kanhende av at dei lang tid hadde hatt krigen så nær inn på seg.

Me vart sett på selle to-tri mann saman. Dei første dagane fekk me gå i våre eigne klær, og me fekk ha reisegodset hos oss. Me fekk litt arbeid, slike som golvvask på seller og gangar. Det var ein torsdagskveld me kom dit, og me vart verande til over helga. Måndagsmorgonen vart det opprop og styr. Ein del av belegget skulle registreras og sendas på ute kommando. I puljer vart me skikka inn på eit rom, der det sat ein eldre fengselsbetjent med høgre grad attom eit bord. Først måtte me gje frå oss dei sengeklærne me hadde fått utlevert, da me kom. Det var millom anna eit ullteppe med bomullstrekk. Det trekket eg hadde fått, var bøtt og flikka på, slik at det var altfor kort til ullteppet. Eg hadde nål og tråd i ryggsekkja, og så hadde eg sauma att med mange sting, så ikkje det som var inni skulle tyte ut. No skule desse til plagga skiljas åt og leggas pent saman. Dette var ikkje gjort i ein fart, slik som eg hadde ordna meg. Så vart det oppstyr. Det gjekk for seint. Karen kom fram frå bordet og sto over meg der eg streva det beste eg vann for å få oppsaumminga. Han slo meg med flate handa kring ørene, medan han brukta munn og skreik at eg hadde gjort sengeklærne «kaput». Det var første og einaste gongen eg fekk juling, og eg vart verkeleg redd. Eg hugsar eg bad til Gud, medan eg streva med trådene, for eg hadde gjort det nokså solid. Men det gjekk mykje betre enn venta. Det høres rart ut, men det var mest som andre fingrar hjelpte meg, så tråden glei uventa lett ut, mest som av seg sjøl. Det var ei merkeleg hending. Det er difor eg hugsar alt så godt. Framfor bordet var det ein halv-vegg med tri båsar. Me vart sett ein mann i kvar bås, og så måtte me kle av oss kvar et plagg og gje det frå oss ved bordet. Jamvel gifteringen min tok dei. I slike høve kjunner ein seg i sanning ribba. Det einaste me skulle ha med

oss, var eit kort, der det sto namnet, kva ein var straffa for, kor lang straf-fetid og kva arbeidslag ein skulle til.

Fangen framom meg var ein ung tysker. Han hadde eit brev i handa. Dette retta han fram mot mannen bak bordet og sa eitkvart om at dette var siste brevet frå kona. Kunne han få ta det med seg? Det fekk han. Eg var snar ned i ryggsekklomma og henta fram siste brevet eg hadde fått, og da eg kom så langt sa eg likens. Gamlingen drygde litt og såg sur ut. Eg var vel ikkje tysker. Men så vinka han meg mutt av med eit «jawohl». I dette brevet var det eit bilet av kona min saman med dei to borna. Det fekk eg da på denne måten ha hos meg heile tida. I fangebrakka hadde eg det festa på innsida av skapdøra mi, så eg kunne ha det for auga rett som det var. Av kameratane mine vart eg ofte minnt om kor heldig eg var, som hadde berga med meg ein slik «dyrgrip».

Eg kom i eit arbeidslag som vart kalla «Kolonne Korn», oppkalla etter etter den tyske formannen Heinrich Korn. Den tyske titelen var «Rottentrührer». Korn hadde ord på seg for å vera ein bra kar. Hollandske og belgiske fangar, som hadde vore i Ruhrområdet i lengre tid og hadde kjennskap til dei ymse lagleiarar, sa seg svært glade for at dei kom i hans kolonne. Og det slo til. Han synte seg å vera ein dugande arbeidsleiar. Han kunne få ein uvillig hop av fangar frå ymse land til å gjera brukbart arbeid. Attåt var han eit godhjarta menneske, som forsto stillinga vår og ofte syntet at han tykte synd i oss. Eg for min del vart godt kjent med han og skal seinare koma attende til hendingar, der han gjorde vel mot fangane. Som ung mann hadde han vore med i krigen 1914 - 18. Etter det han fortalte, var det nære på han hadde mist livet den gongen. Under eit gasåtak, hadde han vorte sitjande fast i ei myr, og det var uråd for han å koma seg laus med eiga hjelp. Det var i siste liten at kameratar kom til og fekk han laus, før gassen kom sigande. Denne mannen var ingen nasist. Eg hørte han ofte sei at Tyskland var «kaput».

**SØLVVARER**  
til  
**BARNEDÅP BRYLLUP**  
**KONFIRMASJON**  
Gullsmed

*John*  
**ROHME**  
7300 Orkanger

Bestill time for fotografering.

**Fotograf J. Sødahl**

Tlf. 80259

Orkanger

**S ORKLA SAMVIRKELAG**

Domus, dagligvareavd.

Byggevarer, Rør og Sanitær  
El.installasjon, Norol-senter,  
Systemhusavd., Serviceavdelinger

**Helårs-trim**



**a. Todal's**  
Eftf.

Tlf. 80 278  
Orkanger.

## BARNE TEIGEN


«Mor — når jeg blir voksen, skal jeg bli misjonær». Mette kom farende inn på kjøkkenet og holdt på å snuble i skurebotten i farten. Hun strålte som en sol av bare begeistring. «Hvorfor skal du vente så lenge med å bli det, da?» spurte mor og tittet fram under kjøkkenbordet der hun lå og skurte så golvet ble hvitt som snø. «Så lenge», sa Mette skufet og litt forvirret. «Jeg må da bli voksen før jeg kan bli noen ting?» «Du kan bli det med det samme, om du vil», sa mor og smilte. Mette sto som et levende spørsmålsteign. «Jeg kan vel ikke reise til Afrika eller kina eler noe sånt nå? Jeg er jo så liten enda, og så kan jeg ingenting heller, for jeg går jo bare i andre klasse». «Nei, jeg mente ikke at du skulle reise noe sted», avbrøt mor. «Det er slett ikke nødvendig å dra til Afrika eller Kina eller noe annet sted langt borte for å bli misjonær.» «Da er det jo ingen steder å bli det,» sukket Mette mismodig. «For her er det jo verken hedninger eller negre eller noen ting å være misjonær for.» «Jo, her er det mange å være misjonær for», sa mor. «Vær litt stille nå, så skal jeg fortelle deg hvordan du kan være det. Bare flytt deg litt så jeg kan få skurt der du står.» Mette flyttet seg, og mor begynte. «Rundt huset her er det et blomsterbed som nesten aldri blir stelt. Det kan du få lov å ha som ditt, og til våren skal du få blomsterfrø å så der. Så må du stelle, vanne og passe blomstene.» «Men det er da å være gartner, det.» Så, så ta det med ro så jeg kan fortelle resten, da. Når blomstene er fine og ferdige, lager du noen fine buketter av dem, og så går du til bestemor og gamle fra Hansen med noen av dem, de har jo ingen hage selv, vet du. Så kan du gå bort på sykehuset med noen av dem og gi til slike som ikke får noen blomster. Men dette blir så ikke før til sommeren?» «Nei, men nå er det masse annet rart du kan gjøre. Du kan gå bort og leke med lille Turid Jensen av og til.» «Men mamma, henne liker jeg ikke å leke med. Hun er jo lam i bena og ikke det spor morsom.» «Men kjære deg, skal du bli misjonær for moro skyld du da?» spurte mor. «Dessuten er det å gjøre andre glade det morsomste som fins. Du kjører Turid litt ut når det er pent vær, for stakkars, hun

Løsning på oppg. i nr. 1.

G	M	A	A
J	E	S	B
E	S	U	A
R	U	N	R
S	A	D	N
A	L	M	E
L	E	P	T
M			

LUK. 2, 25

Herre, la nå din tjener få fare herfra i fred. For mine øyne har sett din frelse som du har tiltenkt alle folkeslag. Et lys til å skinne for hedningene og en herlighet for Israel, ditt folk.



**SKOTØY**  
for hele familien.

**Ingv. Solbu eftf.**

Orkedalsveien 71  
7300 Orkanger

**Orkanger Ur og Optikk**

Verner Svensson  
7300 ORKANGER

Telefon (074) 80 195

**SØVASSKJØLEN**  
**FJELLKIRKE**  
postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

# VELKOMEN TIL KYRKJA

## *22.3. Maria budskapsdag*

— Orkdal k. kl. 11

Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til menighetsfakultetet.

— Orkanger aldersheim kl. 11. Gudst. møte v. spr. Olsen. Nattverd.

— Søvasskjølen k. kl. 11.30. Sportsandakt v. Per Solem.

## *29.3. 4. s. i faste*

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til menighetshuset.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til Indremisjonen. Buss fra Husdalen.

— Orkdal aldersheim kl. 11. Gudst. møte v. prost Rogstad.

— Søvasskjølen k. kl. 11.30. Sportsandakt v. Ivar Gangås.

## *1.4. onsdag*

— Orkanger k. kl. 1930. Fastegudst. v. kalls.kap. Slettahjell og skrt. Helge Gudmundsen.

## *5.4. 5. s. i faste*

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. spr. Olsen. Offer til Norsk Sideon

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Offer til Trøndelag krets av Norsk søndagssk. forb.

— Follo kl. 9.15. Gudst.møte v. prost Rogstad.

— Søvasskjølen k. kl. 11.30. Sportsandakt v. Ottar Hyldmo.

## *12.4. palmesøndag*

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. res.kap. Aasen. Offer til Kirkens Nødhjelp.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp. Buss fra Råbygda.

— Søvasskjølen kl. 11.30. Sportsandakt v. kalls.kap. Slettahjell. Kollekt.

## *16.4. Skjærtorsdag*

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad og Kristian Asegg. Nattverd. Offer til Misjonssambandet.

— Søvasskjølen kl. 11.30. Sportsandakt v. res. kap. Aasen. Kollekt.

— Orkanger aldersheim kl. 11. Gudst. møte v. kalls.kap. Slettahjell. Nattverd.

— Orkdal k. kl. 18. Nattverdsgudst. v. prost Rogstad.

— Orkanger k. kl. 1930. Nattverdsgudst. v. kalls.kap. Slettahjell.

## *17.4. Langfredag*

— Orkdal aldersh. kl 11. Gudst.møte v. res. kap. Aasen. Nattverd.

— Søvasskjølen fjellkyrkje kl. 11.30

Sportsandakt v. kalls.kap. Slettahjell. Kollekt.

— Stokkhaugen bedehus kl. 11. Gudst. møte v. prost Rogstad.

— Orkdal k. kl. 18. Kveldsmesse v. prost Rogstad. Offer til kirkens nødhjelp.

## *19.4. Påskedag*

— Orkdal k. kl. 11. Høgtidsgudst. v. prost Rogstad. Offer til Trøndelag Indremisjon.

— Orkanger k. kl. 11. Høgtidsgudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til Trøndelag Indremisjonskrets.

— Moe k. kl. 11. Høgtidsgudst. v. spr. Olsen. Offer til Trøndelag Indremisjon.

— Søvasskjølen kl. 11.30. Sportsandakt v. res.kap. Aasen. Kollekt.

— Geitastrand k. kl. 15. Høgtidsgudst. v. prost Rogstad. Offer til Santalmisj. Buss fra Husdalen og Råbygda.

## *26.4. 1 s. e. påske*

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen og dr. Gordon Johnsen. Offer til Modum Bads nervesanatorium.

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje.

— Hoston grændstuggu kl. 11. Gudst. møte v. kalls.kap. Slettahjell.

## **„Gjør ikke Guds Ånd sorg“**

Vi liker ikke å bedrøve noen. Det er en slags innebygd mekanisme som reagerer mot det å påføre andre sorg. Derfor vil vi gjerne være snille og gode mennesker som sprer glede og oppmuntring.

En har så lett for å tenke at å følge Åndens ledelse er noe himmelflyvende og livsfjern. Slike tanker har hengt ved mitt sinn helt fra tenåringstida. Jeg tenkte ofte at å bedrøve Guds Ånd især gikk på ledelse og spesielle opplevelser og følelser. Det hendte nok flere ganger at jeg ble skuffet over meg selv og «Åndens ledelse».

Det å leve etter Guds Ånd eller å være en åndsfylt kristen er meget konkret og jordnært.

«Gjør ikke Guds Hellige Ånd sorg, for Ånden er det segl dere er merket med helt til forløsingens dag. Slutt med all slags hardhet, hissighet, sinne, skrål og spott og all annen ondskap.

Vær gode mot hverandre, og vis medfølelse, så dere tilgir hverandre slik Gud har tilgitt dere i Kristus.» Ef. 4, 30 - 32.

Det er nødvendig å legge merke til at Guds Ånds frukter har med vårt hverdagsliv & gjøre. Vi blir ikke sentrum selv, men alt rettes mot vår neste og tjenesten. Våre ord og gjerninger skal tjene til å bygge og være til velsignelse for de vi møter. Så enkelt, men vanskelig er det.

**TJEN HVERANDRE I KJÆRLIGHET!**

Gunnar Prestegård

### **ORKDAL MINNEFOND**

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,  
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,  
Harald Metliås, Einar  
Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-  
hild Asphjell, Dagny Korsli,  
Harald Hukkelås. Bankane. Alf-  
hild Engen.

### **ORKLAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

### **ORKANGER MINNEFOND**

Blankettar hos: Harald Hukkelås  
Bankane.

### **GEITASTRAND MINNEFOND**

Blankettar hos:  
Gunerius Kjøren